

## Utsleppskvotar for klimagassar

Frå 2008 blir det norske kvotesystemet for klimagassar utvida og knytt til EUs kvotesystem. Her får du ei kort innføring i systemet for handel med klimakvotar.



(Foto: SFT)

Frå 2008 blir kvotesystemet utvida til å omfatte om lag 40 prosent av Noregs klimagassutslepp.

Kvotar er nemninga for fritt omsetjelege løyve til utslepp av klimagassar. Ein kvote svarar til utslepp av eitt tonn karbondioksid (CO<sub>2</sub>).

### Slik fungerer kvotesystemet

Norske styresmakter fastset den totale utsleppsmengda av klimagassar som verksemder i kvotesystemet har lov til å sleppe ut i ein viss periode. Kvoteane blir tildelte gratis og/eller dei blir auksjonerte til verksemdene.

Verksemder i kvotesystemet må kvart år levere inn ein rapport til Statens forureiningstilsyn (SFT) som dokumenter utsleppet det føregåande året. Samtidig må dei levere kvotar som svarar til utsleppa. Har nokon hatt høgare utslepp enn den tildelte kvote-

mengda, må dei kjøpe kvotar i marknaden. Verksemder som har redusert utsleppa sine, kan tilsvarende selje overskotet sitt av kvotar i marknaden. Eit vel-fungerande kvotesystem med fritt omsetjelege kvotar stimulerer til at utsleppsreduksjonane blir gjennomførte der dei er rimelegast.

### Desse er omfatta av det nasjonale kvotesystemet

Kvotesystemet i perioden 2008–2012 vil dekkje om lag 40 prosent av dei totale klimagassutsleppa i Noreg. Følgjande bransjar er omfatta:

- energianlegg (over 20 MW)
- raffinering av mineralolje
- røsting og sintring av jernmalm
- produksjon av støypejern og stål
- sement- og kalkproduksjon
- glas, glasfiber og keramiske

- produkt
- reforedling
- kunstgjødselproduksjon
- petroleumsverksemd til havs

Til forskjell frå den første perioden, 2005–2007, vil kvotesystemet frå 2008 omfatte CO<sub>2</sub>-utslepp frå alt fossil brensel, også dei utsleppa som i dag er pålagde CO<sub>2</sub>-avgift. Dette inneber til dømes at utslepp frå petroleumsaktivitet til havs er inkludert.

Kvoteplikta gjeld likevel ikkje utslepp frå forbrenning av biomasse, farleg avfall og avfall som er pålagt sluttbehandlingsavgift.

### Utviding av kvotesystemet

Både EUs kvotehandelsdirektiv og den norske klimakvotelova opnar for at landa kan inkludere andre sektorar og gassar enn dei som er nemnde ovanfor. Regjeringa har planlagt å inkludere prosesutslepp av lystgass (N<sub>2</sub>O) frå mineralgjødselproduksjon. Det kan òg bli aktuelt å utvide kvotesystemet til å inkludere andre delar av prosessindustrien.

### Kopling til EUs kvotesystem

I 2008 skal Noreg bli ein del av EUs kvotehandelsystem. Då vil kvotar som er utdelte av nasjonale styresmakter innanfor EU (EUA-kvotar), òg vere gyldige i Noreg, og norske bedrifter kan selje kvotar i EU-marknaden.

Ulike kvotetypar i Kyoto-protokollen  
Kyoto-protokollen skal medverke til

at ei rekkje land reduserer utsleppa av klimagassar. Protokollen opnar for at landa kan oppfylle skyldnadene sine ved å kjøpe kvotar frå andre land, som eit supplement til tiltak innanlands. Denne fleksible mekanismen omfattar kjøp av kvotar frå andre industriland med utsleppsskyldnad, kalla "assigned amount units" (AAU-kvotar).

Landa kan òg kjøpe kvotar frå prosjekt under Den grønne utviklingsmekanismen (CDM), kalla "certified emission reductions" (CER-kvotar). Kvotar frå skogprosjekt i industriland blir nemnde som "removal units" (RMU-kvotar) og kvotar frå utsleppsreducerande prosjekt mellom to industriland som "emission reduction units" (ERU-kvotar). Felles for alle kvotetypane er at éin kvote svarar til utslepp av eitt tonn CO<sub>2</sub>.

### Tildeling av vederlagsfrie kvotar

Den norske staten vil både dele ut vederlagsfrie kvotar og halde auksjonar for kvotesal. I perioden 2008–2012 blir kvotepiktig landbasert industri tildelt vederlagsfrie kvotar som svarar til 87 prosent av gjennomsnittsutleppa frå energibruk i 1998–2001. Kvotepiktige prosessutslepp blir tildelt vederlagsfrie kvotar som svarar til 100 prosent av gjennomsnittsutleppa i 1998–2001.

Det vil ikkje bli tildelt vederlagsfrie kvotar til petroleumsinstallasjonar til havs. Denne sektoren må kjøpe kvotar for heile utsleppet. Nye verksemdar etablerte etter 2001



Petroleumsverksemd offshore vil bli omfatta av kvotesystemet frå 2008. Det vil ikkje bli gitt vederlagsfrie kvotar til petroleumsinstallasjonar offshore. Denne sektoren må kjøpe kvotar for heile utsleppet. (Foto: SFT)

vil ikkje bli tildelte kvotar vederlagsfritt. Det vil likevel bli sett av kvotar for vederlagsfri tildeling til nye gasskraftverk som skal basere seg på CO<sub>2</sub>-handtering, og til høgeffektive kraftvarmeverk med konsesjon. Det vil bli utarbeidd egne reglar for bruken av denne kvoterreserven i løpet av hausten 2007.

Vederlagsfrie kvotar blir tildelte for alle åra i perioden 2008–2012 eller for dei åra verksemda er kvotepliktig. Utdelinga skjer kvart år seinast 28. februar ved at kvotane blir overførte til kontoen bedrifta har i kvoteregisteret. Dersom ei bedrift blir lagd ned midt i perioden, vil ikkje dei attståande utdelingane blir gjorde. Kvotar som alt er delte ut, vil ikkje bli kravde tilbake.

Eigarane av ei bedrift som til dømes legg ned verksemda i juni 2008, får behalde kvotane som er delte ut for 2008, men ikkje gratiskvotane for 2009, 2010, 2011 og 2012.

#### **Kvotar og CO<sub>2</sub>-avgift**

Det blir lagt opp til å fjerne CO<sub>2</sub>-avgifta for landbasert industri som får kvoteplikt i perioden 2008–2012, men dette må avklarast i høve til regelverket i EØS-avtalen om offentlig støtte. Forslag til endringar i CO<sub>2</sub>-avgifta vil kome i samband med statsbudsjettet for 2008.

CO<sub>2</sub>-avgifta for petroleumsinstallasjonar til havs vil bli redusert, slik at den samla utsleppskostnaden med CO<sub>2</sub>-avgift og kjøp av kvotar blir ført vidare på tilnærma dagens nivå.

#### **Handel med kvotar**

Kvotehandling kan skje direkte mellom to partar, eller ein kan kjøpe og selje kvotar gjennom meklarar, bankar eller andre etablerte marknadsplassar. Handel med kvotar mellom to partar føreset at partane har ein konto i eit kvoteregister. Kvotane blir overførte frå seljarens til kjøparens konto. Prisen blir avtala av partane.

Både privatpersonar, frivillige organisasjonar og store og små føretak kan handle med kvotar på lik linje med kvotepliktige verksemdar. SFT arbeider no med eit system for å gjere slike kvotekjøp enklare mogleg. Systemet vil bli lansert i løpet av første halvår 2008.

#### **Registrering**

All omsetjing i kvotesystemet blir registrert i eit kvoteregister. Det norske kvoteregisteret blir administrert av Statens forureiningstilsyn (SFT).

Alle verksemdar som er omfatta av det norske kvotesystemet, har fått oppretta ein konto i kvoteregisteret av SFT. Privatpersonar, organisasjonar og andre føretak får oppretta ein konto etter søknad. Alle transaksjonar går via ein sentral logg, som sjekkar og kontrollerer at overføringa er i samsvar med regelverket til EU og Kyoto-protokollen.

Registeret blir tilgjengeleg på Internett og vil på mange måtar fungere som ein nettbank.

#### **Pris**

Prisen på ein klimakvote blir avgjord av marknaden og blir bestemt av tilbod og etterspurnad. Prisen vil mellom anna avhenge av kor mange kvotar som blir delte ut, og kor billig dei kvotepliktige bedriftene greier å redusere utsleppa.

Kvoteprisen vil òg bli påverka av korleis dei fleksible mekanismane i Kyoto-protokollen blir utnytta (til dømes Den grønne utviklingsmekanismen, CDM), og av prisutviklinga på råvare- og drivstoffmarknadene i verda. Oppdaterte marknadsprisar finn ein mellom anna på [www.nordpool.no](http://www.nordpool.no)

#### **Oppgjær**

Kvotepliktige bedrifter skal kvart år innan 1. mars levere ein rapport om kvotepliktige utslepp det føregåande året. Rapporten skal dokumentere at utsleppa er berekna og målte i samsvar med reglane i klimakvoteforskrifta. SFT kontrollerer og godkjenner rapporten innan 1. april.

Oppgjeret skal vere avslutta seinast 1. mai. Innan denne datoen må bedrifta ha skaffa til vegar eventuelle manglande kvotar og ha overført kvotar som svarar til utsleppa sine, til Statens oppgjær i kvoteregisteret. Dersom bedrifta ikkje kan gjere opp for seg, kan SFT påleggje eit gebyr for misleghald.

Kyoto-protokollen omfattar òg andre klimagassar enn CO<sub>2</sub>, som til dømes metan (CH<sub>4</sub>), lystgass (N<sub>2</sub>O) og perfluorkarbon (PFK).

Desse klimagassane har ulik drivhusverknad. Derfor bruker ein det globale oppvarmingspotensialet klimagassane har (GWP), som felles valuta. CO<sub>2</sub> har GWP-verdien 1, medan til dømes N<sub>2</sub>O har ein GWP-verdi på 310. Eitt tonn N<sub>2</sub>O utgjer dermed 310 kvotar.



Vindmøller produserer grøn energi i Kina. Gjennom den grønne utviklingsmekanismen, kan industriland investere i prosjekt som reduserer utsleppa i utviklingsland. (Illustrasjonsfoto: iStockphoto)

## Den grønne utviklingsmekanismen

CDM er ei forkorting for Clean Development Mechanism. På norsk kallar ein det for Den grønne utviklingsmekanismen.

CDM inneber at industriland med skyldnader etter Kyoto-protokollen investerer i prosjekt som medverkar til reduserte klimagassutslepp og ei berekraftig utvikling i eit utviklingsland som ikkje har skyldnader. Private selskap og organisasjonar kan òg investere i og gjennomføre slike prosjekt.

For å bli godkjent som eit CDM-prosjekt må det dokumenterast at prosjektet ikkje ville ha vorte gjennomført utan CDM-mekanismen. Prosjektplanen skal kontrollerast av ein uavhengig tredjepart før han kan godkjennast av Kyoto-protokollens styre for CDM. Når prosjektet er påbyrja, skal det overvakast og godkjennast av eit uavhengig organ. Organet kontrollerer at prosjektet gir reelle utsleppsreduksjonar i samsvar med prosjektplanen. CDM-styret utferdar deretter CER-kvotar til investoren/investorane.

Eit land kan bruke CER-kvotar til å oppfylle delar av utsleppsskyldnadene sine etter Kyoto-protokollen. Også verksemder i EU kan bruke CER-kvotar, men denne bruken er avgrensa til mellom 10 og 20 prosent av dei kvotepliktige utsleppa. Regjeringa har no signalisert at ho ønskjer å avgrense høvet til å bruke CER-kvotar på tilsvarande måte som i EU.

---

### Les meir

Informasjon om kvotesystemet, søknadsfristar, søknadspapir og rettleiing for bedrifter som blir omfatta av kvotesystemet, finst på [www.sft.no/co2kvoter](http://www.sft.no/co2kvoter).

---

### Statens forureiningstilsyn (SFT)

Postboks 8100 Dep, 0032 Oslo

Gjestingsadresse: Strømsveien 96

Telefon: 22 57 34 00

Telefaks: 22 67 67 06

E-post: [postmottak@sft.no](mailto:postmottak@sft.no)

Internett: [www.sft.no](http://www.sft.no)